



Arkivnr: 2015/12460-3

Saksbehandlar: Sunniva Schultze-Florey

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		10.02.2016
Fylkesutvalet		24.02.2016

Oppmoding om uttale - Søknad etter friskulelova - Danielsen Intensivgymnas

Samandrag

Danielsen Intensivgymnas søker om godkjenning for 60 elevplassar på påbygg til generell studiekompetanse, ei endring i eksisterande godkjenning etter friskulelova. Skuleplassane ligg ved eksisterande skule sentralt i Bergen. Skulen søker godkjenning etter friskulelova § 2-1 bokstav a, vidaregåande opplæring på religiøst grunnlag.

Frist for uttale er 26. februar 2016.

Forslag til innstilling

Ei godkjenning vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen, om enn ikkje dramatiske. Fylkesrådmannen tilrar ikke at søknaden vert godkjent.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkessjef opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Anmodning om uttalelse - Foreningen Danielsen Intensivgymnas - søknad etter friskoleloven
- 2 Budsjett og regnskap - Budsjett i.f.m. søknad
- 3 Budsjett og regnskap - Foreningen DIG årsregnskap 2013
- 4 Redegjørelse for elevtall - Grunnlag for elevtall
- 5 Søknad
- 6 Tilleggsopplysninger - Tilleggsopplysninger til søknad om endring av skoletilbud

Fylkesrådmannen, 22.01.2016

Bakgrunn for saka

Foreningen Danielsen Intensivgymnas søker om endring av eksisterande godkjenning etter friskulelova. Skulen ligg i Hordaland/Bergen. Skulen driv verksemda etter friskulelova § 2-1 bokstav a, vidaregåande opplæring på religiøst grunnlag.

Regelen lyder:

§ 2-1. Godkjenning av skolar

Departementet kan godkjenne frittståande skolar og driftsendringar ved godkjende frittståande skolar. Departementet kan godkjenne at ein grunnskole flyttar verksemda si til ein annan kommune eller at ein vidaregåande skole flyttar verksemda si til ein annan fylkeskommune. Ein skole skal ikkje få godkjenning dersom etableringa vil medføre negative konsekvensar for det offentlege skoletilbodet, eller andre særlege grunnar tilseier at skolen ikkje bør godkjennast. Vertskommunen eller vertsfylket skal få høve til å gi fråsegn før departementet gjer vedtak i saka, og dei kan klage på departementet sitt vedtak. Godkjende skolar har rett til statstilskot etter § 6-1 og til å drive verksemd etter lova.

Skolane skal drive verksemda si på følgjande grunnlag:

- a) *livssyn*
- b) *anerkjend pedagogisk retning*
- c) *internasjonalt*
- d) *særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett*
- e) *norsk grunnskoleopplæring i utlandet*
- f) *særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma*
- g) *vidaregåande opplæring i små og verneverdighe handverksfag*
- h) *vidaregåande opplæring i yrkesfaglege utdanningsprogram*
- i) *særskilt profil*

Søknaden

Skulen har søkt om 60 elevplassar innan påbygg til generell studiekompetanse. Skulen skriv i søknaden at dei har tenkt det som ei endring i eksisterande godkjenning, og at dei ikkje tenker at dei skal ha ein auke totalt sett:

«Det er ikke planlagt at de nye plassene skal føre til flere elever ved skolen totalt sett, selv om skolen formelt søker om en utvidelse. Søknaden er begrunnet i et ønske om å utvide bredden i vårt tilbud, ikke primært i et ønske om å utvide skolens reelle samlede elevtall. Ved oppstart planlegger vi å ha et utvidet fellesareal på skolen, men dette er ikke begrunnet i den omsøkte endringen. Dersom vi på sikt vil trenge større lokaler, er hensikten å leie lokaler i nærheten av nåværende skolebygg.»

Skulen er i dag godkjent for 250 elevar på studiespesialiserande utdanningsprogram, fordelt på Vg1, Vg2 og Vg3. Skulen søker om å overføre 60 av desse plassane til påbygg, fordelt på Vg3 påbygg til generell studiekompetanse (PBPBY3) og Vg4 Påbygg etter fag- og yrkesopplæring (PBPBY4YK). Skulen er i tillegg godkjent til å kunne ta inn inntil 186 vaksne elevar utan rett til vidaregåande opplæring, jf. forskrift til friskulelova § 11-1.

Uttalen

Skulen er planlagt å liggje i Bergen kommune i Hordaland fylke, og som vertsfylke er Hordaland invitert til å kome med uttale. Fristen for uttale er 26. februar 2016. Fylkeskommunen står fritt til å gje ein uttale uavhengig av om fylket stiller seg nøytral, positiv eller negativ til søknaden. Om det ikkje kjem uttale, legg Utdanningsdirektoratet til grunn at det ikkje legg føre konkrete innvendingar. Utdanningsdirektoratet vil mellom anna vektlegge desse momenta:

- Endring av skulestruktur og budsjettmessige konsekvensar
- Lære plassar
- Skulefaglege omsyn

Fylkeskommunen har ansvaret for formidling av lærepllassar, og ei velgrunna innvending om høve til å skaffe lærepllassar i aktuelle fag vil vere relevant for sakshandsaminga i Utdanningsdirektoratet. Dette er ikkje interessant for denne søknaden, ettersom det vert søkt om elevpllassar innanfor studieførebuande utdanningsprogram. Med skulefaglege omsyn er t.d. meint nedlegging av små offentlege skular til fordel for større einingar for å opprette eit miljø med større høve til fagleg og pedagogisk utvikling. Dette er heller ikkje relevant i denne saka. Det som derimot er relevant, er konsekvensane for den offentlege skulestrukturen.

Skuleplassane skal leggjast til eksisterande skulebygg sentralt i Bergen. Godkjenninga gjeld Hordaland fylke, og skulle søknaden få medhald, vil skulen kunne flytte til ein annan stad i fylket utan å miste godkjenninga. Vurderinga av konsekvensane for den offentlege skulestrukturen må difor ta utgangspunkt i fylket som heilskap.

I fylket som heilskap er det kapasitet til 1316 elevar på påbygg. Pr 22.01.2016 går det 1176 elevar på påbygg, fordelt på Vg3 påbygg til generell studiekompetanse (PBPBY3) og Vg4 Påbygg etter fag- og yrkesopplæring (PBPBY4YK). Det er altså overkapasitet på tilbodet. Ved justeringa av skulebruksplanen i desember 2015 vart tilbodet ved Garnes vgs lagt ned, noko som endrar total kapasitet til 1286 plassar. Dette gjev ein overkapasitet på 110 elevplassar.

Per 22.01.2016 er det 1176 elevar på påbygg i fylket, fordelt på desse skulane slik:

Øystese gymnas	15
Bømlo vidaregåande skule	30
Kvinnherad vidaregåande skule	47
Voss vidaregåande skule	51
Slåtthaug videregående skole	98
Knarvik vidaregåande skule	133
Laksevåg videregående skole	109
Åsane videregående skole	79
Årstad videregående skole	59
Austrheim vidaregåande skule	29
Askøy videregående skole	27
Fusa vidaregåande skule	33
Sotra vidaregåande skule	58
Os vidaregåande skule	49
Fyllingsdalen videregående skole	79
Fitjar vidaregåande skule	59
Lønborg videregående skole	27
Stend vidaregåande skule	30
Etne vidaregåande skule	19
Olsvikåsen videregående skole	31
Nordahl Grieg videregående skole	51
Garnes vidaregåande skule	30
Stord vidaregåande skule	31
Amalie Skram videregående skole	32
	1176

Det er i hovudsak to argument som talar mot ein positiv uttale. Det er per i dag ein overkapasitet på tilbodet innan påbygg. Godkjenning vil ha ein viss grad av negative konsekvensar for den offentlege

skulestrukturen, om enn ikkje dramatiske, ettersom det vert søkt om 60 elevplassar. Det har dei siste åra vore ei viss politisk interesse for ein reduksjon i talet på elevar som tek påbygg, fordi det har vore eit sterkt ønskje om at fleire skal ta fag-/sveinebrev. Ei samla utbygging av tilbodet med påbygg vil kunne verke negativt på dette ønsket.

På den andre sida finst det moment som talar for ein positiv uttale, til dømes at det er overkapasitet på studieførebuande utdanningsprogram i Bergen, så ein reduksjon av elevplassar innan desse programma er noko fylkeskommunen er positiv til.

Det er noko uvisst korleis oljekrisa vil påverke søkermassen til Vg3 og Vg4 påbygg neste år. Ein kan gå ut frå at nedgangen i sysselsetjing i oljerelaterte næringer vil halde fram, og at det difor vil vere færre nye lærepassar. Ein del av behovet for lærepassar kan fylkeskommunen måtte tilby som Vg3 i skule som førebuing til fag-/sveineprøve, men ein del elevar vil truleg søker påbygg etter Vg2. Vidare kan ein tenkje seg at arbeidsmarknaden vil vise ein nedgang i talet på nyttilsetjingar av ungdom som har teke fag-/sveinebrev, og at ein kan få ein auke i talet på Vg4 Påbygg etter fag-/sveinebrev. Likevel må ein mogleg auke i søkertalet vere på over 170 søkerar for at ei godkjenning ikkje skal ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen.

Konklusjon

Ei godkjenning vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen, om enn ikkje dramatiske. Fylkesrådmannen tilrår ikkje at søknaden vert godkjent.